

Referat frå styremøtet 20.06 2008

Stad: Åmodt gard, Førde

Deltakarar

Atle Hamar
Geir Grime
Anne Karin Hamre
Anne Margrethe Alværn
Ivar Petter Grøtte
Stig Starheim
Øyvind Heimset Larsen

Forfall:

Liv Bodil Baug, Ynge Hallen , Bjørn Normann Sørensen

Møteleiar: Atle Hamar

Referent: Øyvind Heimset Larsen / Ivar Petter Grøtte

Sak 0. Studietur (Innleiingsvis for Hamre hadde møtt)

Det er to alternativ. Gruppa kan reise på eit hovudsakleg teknisk arrangement som CeBit for å få impulsar, eller reise til Brussel og undersøkje kva som rører seg i EU innen teknologiområde, og kva bør vi følgje opp. Der har gruppa kontaktpunkt EU-ambassadøren og Vest-Norges Brusselkontor. To månader etter IT-forum er det mogeleg å få til ei kopling med den relevante IST-konferansen og. Meir under sak 6.

Sak 1. Møtereferat

Møtereferat frå førre møte vart godkjend.

Sak 2. IT-forum 2008 i Loen.

Diskusjon om status program og planar for profilering og marknadsføring IT-forum 2008 i Loen.

Geir informerte om status. Programkomiteen legg vekt på korte og ofte møter. 1.versjon av programmet skal vere på plass før ferien. Kostnadsramma er på 100' på foredragshaldarar.

Tema er: Menneske, teknologi og samfunn. Dei endrar seg i ulikt tempo. Korleis få til godt samspel?

Når det gjeld marknadsføring sender sekretariatet ut første e-post til tidlegare deltakarar med tema, stad og dato i dag. Artikkel om dette vert og lagt ut på www.it-forum.no.

Arrangementet blir noko endra slik at det blir festmiddag og underhaldning om kvelden. Pausen mellom 5 og 7 kan brukast til utstillingar, møter etc.

Teknisk gruppe har som før ansvar for det tekniske og eit par innlegg.

Kommentarar: Svært bra at næringsliv er trekt inn meir enn tidlegare.

- DIFI bør trekkast inn. Ein sesjon for offentleg sektor hadde vore bra. Fylkesmannen/Fylkeskommunen sine "Fornyingsmidlar" er tildelt mange prosjekt. Portalprosjekt frå KS og eforvaltningsprosjekt er to gode døme. (Kommunar skal m.a. få hjelp til å integrere offentlege tenester på sine nettsider.) IT-forum bør vere ein møteplass for deltatarar i desse prosjekta.

- Arena for møte mellom studentar og bedrifter bør ein og sjå på.

- Areal til utstilling bør vere større enn tidlegare år. Opplegg for møte mellom bedrifter og studentar.

- Kvinneleg hovudtrekkplaster til dag 2? Åsne Seierstad? Ingvild Myre? Anne B Ragde?

Sak 2. Profilerer IT-forum; nett og brosjyre

Anne Margrete har laga plan for marknadsføring og sal

Juni: E-post ut. Teaser på sjølve konferansen, eit "postkort" om it-forum og tema- til ca 1000 stk. Viktig å få ut melding på nettsider til medlemmene.

Aug: Påminning på epost og nett. Mediesak. Annonsering. Telefonoppringing også i år utført av Lotteritilsynet.

Det bør vere tilbod til skuleklasser om sponsering av dagpakkar. Rullering mellom skular? Vidaregåande skular med entreprenørskapssatsing og elevbedrifter ringte oss i fjor og bad om spesialpris. Mogeleg å knytte opp mot konkurranse?

Vi lagar ein dagpakke for to/tre skular. Case med

Dagpakkepris på 100 kr, der lunsjen må dekkast av oss. Ikkje festmiddag. Prøver å få på til ein studentpris.

Telefonseljaren må ha opplæring om it-forum og delta på eit par møter før ringerunda. GeirG tar ein opplæringsrunde med denne personen.

Gasta har no levert det kontrakta seier. Vi skal gjere ein jobb på nettsida med struktur før ferien. Den skal bli enno betre. Stor grad av dynamikk.

Sak 6. Muleg studietur (prioriterte å bli ferdig med denne saka før lunsj)

Dette styret treng kanskje ikkje reise på ein rein teknologikonferanse, men meir ha fokus på EU og det som skjer der. Mogeleg å reise på 7.rammeprogramkonferanse ICT i november i Lyon (26.) Oddvar Flåte skal ha eit studieopphald i Brussel frå november og kan vere med å lage eit opplegg i Brussel. Ein slik tur kan og vere ein måte å aktivere representantskapen på. Bør leggje opp til å dekkje halve reisekostnaden.

Lunsj

Sak 3. Vidare arbeid med breibandspørsmåla

Ivar Petter informerte om brev sendt i går med innspel til Kommunalkomiteen på Stortinget. Det har to tema. Prising basert på avstand og overvåking av pris på næringslivssida på høg kapasitet i regi av PST (som har teneste for private). Brevet vert og lagt ut på nettsida vår.

- *Vurdering av status og mulegheiter for betre tilgang høg kapasitet*

Det var bra interesse og mediedekning på breibandskonferansen.

Samferdsleministeren fekk innspel på behov for transportstøtte og på at det er viktig å tilgjengeleggjere infrastrukturen som alt ligg her.

Både Eninvest og Telenor arbeider med nye løysingar og tenester (redundant nett og sikkerhet).

IT-forum skal dokumentere og lage opplegg på den regulatoriske delen for å ta tak i infrastrukturen. Vi er i dialog med PST.

- *Siste fase Høykomprosjekt og ny satsing frå KRD*

Status etter prosjekta "breibandløftet 2 og 3" er 97,5% dekning og tiltak for å nå tilnærma 100% er planlagd. Strategimøte i BBF er i september.

Det skjer mykje på området. Kommunane har gjennomført anbudsrunder og dei fleste er no klare. I løpet av året er Høykom ferdig som program.

Sak 4. Status for gruppene og nettverka i IT-forum med særleg vekt på helsenettverk, skulenettverk og internasjonalt nettverk

Øyvind informerte om status på helsenettverk (eHelse) og skulenettverket.

Utrullingsprosjektet i regi helsenettverket (eHelse) har no nådd eit par milepælar. Infrastrukturmessig då alle rutere frå Norsk Helsenett no er ute i kommunane (men ikkje testa enno) og to av tre pilotprosjekt er klar for driftsfasen. Det er god aktivitet og status- skule vert sendt ut saman med referat. Nytilsett prosjektleiar (50% prosjektstilling) Eva Bratvold vert invitert til å møte på neste styremøte og informere.

Ivar Petter informerte om internasjonalt nettverk. Det er uro nasjonalt for at Norge ikkje får att pengane som blir bevilga og at ein no kjem dårleg ut.

EU sitt 7. rammeprogram er vanskeleg å kome inn i. Det krev mykje posisjoneringsarbeid og deltaking i dei rette forum. Teknologiplattformer var grunnarbeidet som mange ikkje var med på. Norge hadde god uttelling tidlegare, men svakare no.

Fylket har for tida to EU-prosjekt. Eit med fylkeskommunen og Avinett og DARRA som fylkeskommunen og Vestlandsforskning er med i. Det er og andre initiativ knytt til e-forvaltningsteneste. Mellom anna Interreg Østersjøen.

Ivar Petter har nett vore på møte i Bulgaria om prosjekt som blir søkt EØS-finansiert. Prosjektet er knytt til bærekraftig reiseliv.

Anne Karin har teke initiativ innan E-forvaltning. Testing av metodane frå Best-prosjektet er snart ferdig. Her er felles problemstilling med helseprosjektet.

Sak 5. Samordningsmøte Breibandsforum og innhaldsgruppene

Ivar Petter informerte om samordningsmøte mellom eHelsenettverk, skulenettverk og breibandforum. Viktig at prosessane er køyrt i rett rekkefølge slik årsmøtet bad om. Det var ei avklarande runde i høve til fornyingsmidlar.

Sak 7. Revidert strategi for IT-forum.

Oppsummering av innspela som kom under gruppearbeidet på årsmøtet 1.4.

Satsingsområde:

Vidareføre tung satsing på "digital forvaltning" og innhaldstenester

Satsing på fornying & innhaldsutvikling breiband med kommunane

Utvikle nettverk for e-tenester (Eforvaltning) saman med Breibandforum

- Overbygning over alle offentleg retta innhaldsnettverk
- Prioritere kvalitet, kapasitet og pris
- Gode tenester med høg kvalitet ut mot publikum
- Vidareføre "breibandløftet" og kartleggje behov knytt til mobilt breiband
- Utrulling av BEST-prosj i fylket

Vidareutvikle aktivitetar saman med næringslivet

- Reetablere nettverket med it og endringsleing som tema
- Etablere møteplass og ha minst 5 bedrifter som ambassadørar.
- Profilering og møteplass gjennom parallellsesjon på it-forum2008-konferansen

Vidareutvikle samarbeid innan helse og IKT

- Sikre ferdigstilling av Helsenett til alle kommunar
- Prioritere opplæring etter etablering av NHN
- Prioritere pilotar og støtte rask utrulling. Helse og omsorg har stort potensialet.
- Setje søkelys på transaksjonskostnader frå systemleverandørar.
- Viktig at IT-forum synleggjer mulegheitene. Treng ikkje sjølve vere synleg i alle samanhengar, men må lage innspel og underlag.
- IT-konferansen. Menneske teknologi og organisasjonen. Det som skjer intert i hf og helseforetaka er banebrytande og bør vere eit undertema.

Utvikle samarbeid og satsingar skule og utdanning

- Gjennomføring av stor fylkesdekkande satsing for utvikling av infrastruktur og innhaldstenester for elæring

Internasjonal satsing

- Arbeide for deltaking i 7 RP, Interreg IV og EØS-midlar
- Oppstart av Interreg IVB prosjekt DARRA og eContent-prosj EDLocal

Sak Ymse:

Gjennomgong av revisorrapport av rekneskapan for 2007.

Styret fekk sjå rapporten med revisorgodkjenning frå Deloitte, og hadde ingen merknader.

Møtestruktur framover.

Semje om at neste møte burde vere i byrjinga av september.

Videokonferanse Onsdag 10.9. 9-12. Tema er mobilisering. Kjør teknisk test trepartskonferanse ettermiddagen før. Brattvold (skuleprosjektet) er invitert for å informere om status i prosjektet.

Neste fysiske møte er Onsdag 1.oktober klokka 14 i Loen i forkant av representanskapssmøte konferansen tidlegare på dagen.

Vedlegg: Status skuleprosjektet ved Brattvold (oppdatert etter styremøte på oppfordring frå sekretariatet)

Kort statusrapport – delprosjekt pr juni 2008.

1. LMS- installasjonane
1. LMS-koordinator.

Intervjurunde er ferdig og det er innstilt eit fyrste- og eit andreval til stillinga. LMS-koordinator vil verta sendt til Fronter i Oslo for kursing og sertifisering som administrator (i tillegg har vi fått høve til å sende Tom Sølve og Eva med som observatørar på kurset uten ekstra kurskostnad – Tom Sølve grunna han har best kunnskap om korleis installasjonen er i dag, og Eva for å få sett seg inn i funksjonalitet og mogelegheiter i Fronter til bruk i arbeid med andre delprosjekt).

2. Grunnskuleinstallasjonen.

Gloppen har overført brukarane sine og vil overføre det resterende i løpet av sommaren. Flora vert overført i nær framtid (alt med hjelp av Harald/Fronter). SYS-IKT overfører og frå sin installasjon og inn i gs-installasjonen i nær framtid.

3. Aktivitetar.

Kurs i bruk av verktøy vil bli seinare enn planlagt (sannsynleg overgangen 2008/2009) grunna at vi må sørge for at vi har eit apparat som kan ta imot henvendelsar frå brukarane/lokale administratorar etter kurset. LMS-koordinator vil ha ei sentral rolle i arbeidet. Kurset vert i samarbeid med Fronter.

4. Fronter Bridge.

Vi får nytte Fronter Bridge som prøveprosjekt uten kostnad for skuleåra 2008/2009 og 2009/2010. Bridge vert sett opp mellom høgskuleinstallasjon og vgs-installasjon, og mellom vgs-installasjon og gs-installasjon (mellom vgs og gs er bridge på plass no – og vi testar ut litt enkel funksjonalitet som oppretting av felles rom mellom dei to installasjonane). Ved bruk av Fronter Bridge får vi funksjonalitet for horisontal og vertikal kunnskaps- og kompetansedeling som m.a skal nyttast i andre delprosjekt.

5. Web-Fronter.

Vi får ein gratis lisens på WebFronter i prosjektperioden som vil bli kobla mot vgs-installasjonen slik at vi og kan publisere læringsstoff o.a som er laga i Fronter (det kan publiserast frå alle dei tre installasjonane). Dette vil gje mogelegheiter for nedlasting hjå dei skulane som ikkje nyttar Fronter som LMS. Det kan vere aktuelt å også nytte dette webgrensesnittet i samband med informasjon frå prosjektet Digitalt Skulesamarbeid.

6. Fronter brukermøte.

Digitalt Skulesamarbeid deltek på brukermøte til Fronter i september, og skal halde ein presentasjon av prosjektet for deltakarane. Arbeid med presentasjon vert sett igang i juli 2008.

1. SYS-IKT

1. Arbeidet med å få rapportering på plass er starta. Det vert ei møte (truleg allereie i juli) kor det vert diskutert korleis rapporteringa skal skje og kva for informasjon Digitalt skulesamarbeid treng for å halde kontroll og ha oversikt over delprosjektet.

1. Innhaldsproduksjon

1. Spanskprosjektet i Fjaler.

Dei har hatt undervisning i eit skuleår, og tilbakemeldingane er stort sett positive – men med nokre problem som ma har å gjere med fysiske tilhøve og også at progresjon er seinare enn ved tradisjonell undervisning. Prosjektet held fram neste skuleår, men med nokre endringar. Endringane som er føreslege er ma ei endring i samband med reise – her vil faglærar no truleg reise til begge ungdomsskulane og fysisk samling med begge ungdomsskulane vil ikkje bli så ofte som det har vore. I tillegg ser vi på ulik programvare som kan nyttast; ferdigutvikla nettbasert (engelsk/spansk), men elevane vil og teste ut td podcast. Vi har hatt møte med heile prosjektgruppa og vist kor dei finn podcastane, og også snakka om å nytte chatfunksjon og opptakar i Fronter – alternativt nytte td MSN for livechat.

2. Sophusportalen.

Dei har laga prosjektplan for perioden framover - og ein av utfordringane er innhald og bruk, men prosjektet drives godt framover. Det er planlagt eit møte med prosjektgruppa i september – og dei har og signalisert at det kan vere andre aktuelle prosjekt innan Sophusportalen sin vidareutvikling som dei ønskjer å ta med Digitalt skulesamarbeid inn i som partner/støttespelar.

3. Streamingprosjekt.

Møtet som var planlagt å få til i juni må utsetjast til skulestart. Det arbeides vidare for å få til samarbeid mellom Eid og Stryn vg skuler i samband med å nytte streamingteknologien i biologi (elevar frå begge skuler i same klasse, men fysisk på kvar sin skule). Det kan vere aktuelt å ha sendingar i "nåtid". I tillegg ønskjer vi å se på om det er mogeleg å få til eit opplegg kor man kan laste ned "undervisning" heime – anten som ein introduksjon til nytt tema eller for repetering av det som har skjedd som tavleundervisning på skulen.

4. PPT-prosjekt.

Venter på å få møtedato med PPT og faglærar som skal vere med i prosjektet.

5. Kartlegging av nynorske læringsressursar på nett.

Prosjektet har og fått midlar frå Norgesuniversitetet, og eit resultat kan verte ein nynorskportal. Det er laga dokument om korleis kartlegging skal skje, og det er planlagt møte i slutten av juni.

6. Utprøving av nettbasert undervisning.

Det er såvidt påbegynt eit arbeid med dette prosjektet.

7. Utprøving av blogg/wiki.

Arbeid er starta, og det kan sjå ut til at det særleg er wiki-delen som er mest aktuell – det er planlagt vidare arbeid i august.

8. Samarbeid om praksisperioder.

Det har vore møte HSF/Luster kommune om prosjektet. Prosjektstart avhenger av når det vert praksisperiodar ved HSF kor det samstundes er studentar som skal ha praksisplass i Luster kommune. Det er mogeleg at fyrste sjanse vil vere vår 2009, i september vil vi vite om det og vert praksis i Luster hausten 2008. Vi vil og sjå om det er mogeleg å trekkje inn td Årdal vgs i dette arbeidet, desse har praksisplassar haust 2008.

Som dere vil sjå vert fleire prosjekt flytta litt fram i tid. Når det gjeld LMS-delen skyldast dette hovudsakleg at vi venter på ein LMS-kordinator. Koordinatoren må bli kursa før vi held kurs for andre slik at vi kan følgje opp spørsmål og henvendelsar raskt i etterkant av kurset.

Eit av problema som må løysast er korleis ein kan gjere ressursane tilgjengelege for alle brukarane uavhengig av kva slags LMS dei nyttar då det ikkje er funksjonalitet for utveksling mellom systema i dag. Ei mogeleg (midlertidig) løysing er å sørge for publisering av innhald som er produsert i Fronter (td gjennom webFronter) slik at alle kan få lasta ned læringsressursane. Vi vil arbeide vidare for å sjå om det er mogeleg å få importert innhald frå Fronter til It's Learning (og evt andre LMS).

Når det gjeld innhaldsproduksjon har det vore litt problematisk å få lærarar med på møter i mai/juni grunna eksamensavvikling osv. Vi har difor måtte utsette desse møtene til etter skulestart i august 2008, men vil arbeide gjennom sommaren med førebuingar.

Ei erfaring så langt er at mange skuler har LMS uten å nytte det då ein ikkje heilt veit kva ein skal nytte det til, medan andre er sær aktive. Det er difor viktig for oss å kome med gode eksempl på bruk og sørge for at dei vert kursa. Vi har og kontakt med leverandørar av digitale læringsressursar slik at vi har eit visst oversyn over kva som er tilgjengeleg på markedet i dag av ferdigutvikla programvare.

Digitalt skulesamarbeid vil og vere med i HSF si nettverksgruppe "Lærande nettverk" som held fram kommande skuleår. Nettverksgruppa har ma arbeida med bruk av lyd og bilde (også streaming) – og vi kunne td tenkje oss å sjå på korleis dette praktisk kan nyttast i undervisninga.

Eit prosjekt som og er ønska er å ha ein progresjonsplan for grunnskulen når det gjeld digital kompetanse. Her ønskjer ein å sjå på krava som ligg i Kunnskapsløftet for dei ulike klassetrinn – og kunne gje eksempel på øvingar og oppgåver som vil ivareta desse, og som kan integrerast i undervisninga utan at lærar har stor IKT-kompetanse. Dette delprosjektet var ikkje med i den endelege søknaden, men det er et ønske om vi kunne finne midlar til eit slikt prosjekt. Vi har difor vore i kontakt med Utdanningsdirektoratet for å høyre om det er mogeleg å få midlar til dette arbeidet eller om det kan vere aktuelt å arbeide saman i samband med Grep. Utdanningsdirektoratet seier at dei ønskjer ikkje å ha konkrete eksempel då dette vert å sjå på som ein standard, men meiner likevel at det er ein

god ide at andre – td Digitalt skulesamarbeid – utarbeider ei oversikt til eige bruk. Utdannings-direktoratet hadde ikkje midlar til slikt arbeid.

Vi har hatt mykje kontakt med Fronter i den siste perioden grunna at samankoplinga av installasjonane utgjer grunnmur for fleire andre delprosjekt – og vi ønskjer at dette arbeidet skal vere så smertefritt som mogeleg for brukarane og lokale administratorar. Vi vil også freiste å få på plass eit nytt default rammeverk i gs-installasjonen slik at startside i Fronter vert noko meir intuitiv enn den er i enkelte av installasjonane i dag. Dette arbeider vi og med i samband med planlegging av praksis-samarbeidet.

Ei problemstilling som har vore oppe er namnealgoritme for brukarnamn i gs-installasjonen, og her er det ulik oppfatning av kva som er beste praksis. Vi har høve til å konvertere alle (Fronter tek denne jobben), men førebels vert det ikkje gjort endringar. Vi forsøker og å samordne oss i samband med Feide-klargjering slik at det ikkje vert fleire konverteringar av brukarnamn dei neste to åra (det vert det berre misnøye av).